



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår dato:

06.05.2024

Vår ref:

2024/4773

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Høyring av frivillig skogvern, Bermålsnosi (Bermål) naturreservat i Lærdal kommune

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Bermålsnosi naturreservat i Lærdal kommune. Området vart omtalt som Bermål naturreservat under oppstarten av verneprosessen, men etter innspel frå Språkrådet vil vi foreslå namnet Bermålsnosi naturreservat i høyringa. Du er velkommen til å sende innspel fram til og med 10. juli 2024.

Det føreslegne naturreservatet Bermålsnosi er lokalisert på gards- og bruksnummer 46/1 og 47/1 i Lærdal kommune. Arealet vi foreslår til vern har ein storleik på 5412 dekar, talet er justert ned 8 dekar sidan oppstartsmeldinga. Det har kome mindre justeringar i arealet etter oppstartsmeldinga til fjells i grenseområdet mellom Lærdal og Årdal kommunar, og det føreslegne naturreservatet føl kommunegrensene opp frå fjorden. Av dette er kring 5223 dekar skogdekt, og om lag 4511 dekar er produktiv skog. Arealet er eigmiljøet av private grunneigarar som har signert tilbod om vern av eigedom som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern.

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. Per januar 2024 var omlag 5,3 prosent av skogarealet og ca. 4 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Vi har verna 3,3 prosent av skogen i Vestland. I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva for å ha stor positiv effekt på trua artar i skog. Dette skal skje ved vern av offentleg eigmiljøet skog og ved frivillig vern av privateid skog. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog. Det er eit nasjonalt miljømål at eit representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar. Vern av skog er også viktig for å nå mange andre miljømål vedtekne av Stortinget.

Frivillig skogvern

Artsdatabanken, som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfold, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av

E-postadresse:

sfvp@statsforvalteren.no

Sikker melding:

www.statsforvaltaren.no/melding

Postadresse:

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Besøksadresse:

Njøsavegen 2, Leikanger

Solheimsgaten 13, Bergen

Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00

www.statsforvaltaren.no/vl

Org.nr. 974 760 665



dei trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar, og fysiske inngrep som fylgje av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Derfor er det å ta vare på levestadane til artsmangfald i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjere for å sikre vestlandsnaturen for framtida. Det er AT Skog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigarane i kandidatområdet Bermålsnosi, og som ser til at interessene til grunneigarane blir ivaretakne.

Kor ligg Bermålsnosi?

Bermålsnosi ligg i ei nord- og vestvendt, bratt lisiide langs ein gradient frå fjord til fjell på sørsida av Sognefjorden, i Lærdal kommune. Området vi foreslår til vern grensar mot Årdal kommune. Vi jobbar parallelt med ei utviding av Kvitingsmorki naturreservat, slik at det vil grense mot Bermålsnosi naturreservat og slik danne ei lengre og samanhengjande lisiide med verdifull skog langs Sognefjorden.



Figur 1 Kvifor vrir nokre tre seg rundt seg sjølv? Jo eldre eit tre blir, jo meir kan det gje seg utslag i ein slik spiralforma vekst. Dei fleste vrir seg mot høgre, og det viser seg at tre som veks i spiralform ofte toler meir vêr, vind og snøfall enn rette tre. Difor finn vi ofte meir vridde tre i vêrutsette område. Foto: Biofokus.

Verneverdiar

Skogen i det føreslegne verneområdet er i hovudsak dominert av furu, med bjørk og også storvaksne ospetre. Ein finn også parti med meir varmekjær vegetasjon som hassel og gråor. I nordlege delar med rikare mark førekjem den raudlista naturtypen kalk- og lågurtfuruskog (VU). Kartleggingsarealet inkluderer også bjørk og rogn i rasmarksksog, med stadvis store mengde død ved av bjørk. Det er også død ved i store dimensjonar etter m.a. skogbrann, der m.a. signalarten



pusledraugmose, som utelukkande finst på dødved, er registrert. Furutre med alder på 350 år er registrert.

Det er stor variasjon i vegetasjonen og naturtypar knytt til ulike høgdelag, og med påverknad som ras, brann og snøskred dannar dette mange habitat. Bermålsnosi dekker fire ulike vegetasjonssoner, der både mellomboreal, nordboreal, sørboreal og boreonemoral sone inngår i ein gradient frå fjord til fjell. Av åtte raudlista artar registrert i området er seks nær truga og ein sterkt truga (ask).

Området oppfyller manglar i skogvernet knytt til bonitet, truga artar, raudlista naturtype i form av kalk- og lågurtfuruskog, og andre mangelnaturtypar som kalkbjørkeskog, gråor-heggeskog av lisidetype og gamal lauvblandingsskog. Kandidatområdet er delvis lågareliggjande. Etter kartlegginga har vi fått knytt Bermålsnosi med området i aust, der vi er i gang med utviding av Kvitingsmorki naturreservat. Saman vil Kvitingsmorki og Bermålsnosi langs denne lisida kunne utgjere eit verdifullt og samanhengjande område med viktig skog i indre Sogn.

Heimelsgrunnlag og konsekvensar av vernet

Vern av spesielle område eller førekommstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. §§ 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Vernekategorien naturreservat i § 37 er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, vurderer vi er mest aktuelt for Bermålsnosi. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sinking av sopp og bær. Ein skal også kunne halde eksisterande turstiar ved like.

Brukarteresser

Det meste av friluftsliv kan gå føre seg som tidlegare. Bålbranning vil være lov med tørrkvist frå bakken eller med medbrakt ved i samsvar med gjeldande lovverk. Det er enkelte stiar i området, men det er lite ferdsel i dei største delane av kandidatområdet. Ein sti går opp til jakthytta i Muggeteiglii, eit lite område rundt jakthytta er heldt utanfor verneområdet. Til no er det mest bygdefolk, jegerar og beitedyr som nytta stiane. Rydding av eksisterande stiar er lov, og om det er behov for å merke og/eller rydde nye stiar kan forvalningsstyremakta gje løyve til dette dersom vilkåra for dispensasjon er til stades. Det er beitedyr i området. Forvalningsstyremakta kan gje løyve til tilretteleggingstiltak og oppsetting av turpostar. Det vil vere mogeleg å ri med hest og sykle på stiane avmerkt på vernekartet, men ikkje utanfor.

Jakt på hjort er del av både næringsgrunnlaget og rekreasjon i området. Jakta vil kunne fortsette uavhengig av eit vern. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt vil være lov. Forskrifta opnar for motorisert frakt av felt storvilt ut av terrenget med terregngåande beltekøyretøy, om forvalningsstyremakta kan vurdere å gje dispensasjon til frakt av felt vilt med andre køyretøy dersom vilkåra er til stades.

Det vil i utgangspunktet ikkje vere lov å bruke naturreservatet til større arrangement. Kva som inngår i omgrepet «større arrangement» vil vere vurderingar som forvalningsstyremakta vil kunne gjere i det enkelte tilfellet. Det kan likevel søkjast om dispensasjon til større arrangement ved avgrensa bruk av reservatet. Her vil potensiell slitasje i terrenget og sårbarheit spele ei rolle i vurderinga. Ein kan også søkje om dispensasjon til bruk av naturreservatet til miljøbasert reiselivsverksemder i samsvar med plan godkjent av forvalningsstyremakta.



Det går ei kraftlinje i nedre kant av kandidatområdet fram mot tunnelopninga.

Innspel i verneprosessen

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 22. mars 2024. Innan fristen den 24. april fekk vi sju innspel.

Landbruksdirektoratet har nokre generelle innspel. Direktoratet ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interesser det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga. Direktoratet etterlyser skjema for avvegning av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgang og vurderingane av området i avvegingsmatrisa i førekant av oppstartsmeldinga.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet. Vi fekk inn tilbod om frivillig skogvern for dette området før dei nye føringane med avvegning av områdets betydning for vern og betydning for tømmertilgang trådde i kraft og har såleis ikkje prioritert matriseføring for området.

Språkrådet sendte innspel til oss om namnsettinga og tilrår oss å nytte namnet Bermålsnosi naturreservat på kandidatområdet i staden for Bermål naturreservat, som vi brukte i oppstartsmeldinga. Fordi kandidatområdet dekker to gardsnummer, både 46 Bermål og 47 Muggeteigen, meiner Språkrådet at det vil vere uheldig å nytte berre det eine gardsnamnet og ikkje det andre. Språkrådet tilrår heller å nytte namnet på toppen av fjellet som dei to teigane ligg under, Bermålsnosi. Det er ein ruvande fjellformasjon og Bermålsnosi er godt synleg i ein vid omkrets, og grensa mellom dei to gardane Bermål og Muggeteigen endar opp på toppen av dette fjellet. I sentralt stadnamnregister (SSR) er Bermålsnosi registrert som eineform. Språkrådet tilrår Statsforvaltaren såleis å nytte namnet *Bermålsnosi naturreservat* i verneprosessen vidare.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi legg innspelet frå Språkrådet til grunn og nyttar Bermålsnosi naturreservat i det vidare arbeidet.

Statens vegvesen skriv i sitt innspel at det ikkje er statlege vegar i eller direkte inn i området og at Statens vegvesen difor ikkje har innspel til oppstartsmeldinga. Dei skriv vidare at dei forventar at tilhøvet til fv. 53 blir avklart med Vestland fylkeskommune.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi tek innspelet til vitande gjeldande naturreservatet sitt forhold til statlege vegar, og reknar med at fylkeskommunen sendar innspel i løpet av høyringa. Vestland fylkeskommune er på adresselista.

Statnett skriv til oppstartsmeldinga at det planlagde skogvernet på Eimhjellen ikkje påverkar deira anlegg eller planar og har dermed ikkje merknadar til verneprosessen.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi tek innspelet til vitande.



Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) skriv at det føreslegne verneområdet grenser på nordsida til eit nettanlegg drifta av Sygnir As, og ber Sygnir om å uttale seg om eksisterande og framtidige planar og prosjekt for området og om utkastet til forskrift er tilstrekkeleg. NVE skriv også at det er eit digitalt kartlagt potensial for små vasskraftverk innanfor det føreslegne verneområdet, der småkraftpotensialet utgjer 1,98 GWh/år med ein utbyggingskostnad på 4,64 NOK/kWh på eit 2003-kostnadsnivå. NVE ber Statsforvaltaren om å orientere grunneigarane om vasskraftpotensialet.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi har fått innspel frå Sygnir, sjå under. Vi legg til grunn at grunneigarane har vurdert alle sider av vernet, også alternative bruksmåtar av utmarka som til dømes kraftutbygging. Grunneigarane får også alle offisielle dokument i verneprosessen via grunneigarorganisasjonane.

Sygnir skriv til oppstartsmeldinga at det går ei 22 kV høgspentlinje langs vernegrensa mot sjøen, og at Sygnir ikkje har planar om oppgradering eller endring på 22 kV-linja i det aktuelle kandidatområdet for vern. Vernegrensa bør ligge 7,5 meter frå senterlinja i linjetrasees, så det klausulerte ryddebeltet er 15 meter (2x7,5 meter frå senterlinja).

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi tek innspelet til etterretning og sørger for at vernegrensa ligg minst 7,5 meter unna senterlinja på høgspentlinja.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) skriv i sitt innspel til oppstartsmeldinga at mineralressursar er ikkje-fornybare, og at verneplanar i dei fleste tilfelle vil gjere mineralressursar utilgjengelege for framtidig utvikling. DMF tildelte ein konsesjon i august 2021 til uttak etter mineralloven av knust fjell frå pukkførekomsten Muggelia. Verdien av pukkførekomsten er ikkje vurdert. DMF vurderer at eit framtidig naturreservat vi ikkje kome i direkte konflikt med uttaket, men dersom pukkverket har behov for utviding i framtida vil det kunne oppstå konflikt. DMF skriv vidare at dei oppfattar utkastet til vernegrense å nettopp tilpassa seg mineralførekomsten, men at Statsforvaltaren må vurdere om disse tilpassingane er tilstrekkelege for potensiell utviding av uttaket. DMF avrundar innspelet med å tilrå at avgrensinga av verneområdet ikkje blir utvida lengre inn i mineralførekomsten slik at ein unngår konflikt med den pågående drifta av masseuttaket.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi har tilpassa vernegrensa til den eksisterande mineralførekomsten, og har ikkje planar om utviding av naturreservatet i dette området. Vi ser at mineralførekomsten har potensiale for framleis å kunne utnyttast i mange år, og vi ser ingen konflikt mellom mineralutnyttinga i Muggelia og skogvernområdet. Grunneigar er involvert i både uttaket og skogvernet.

Endringar sidan oppstart

Det er gjort mindre justeringar på kart sidan oppstartsmeldinga vart sendt ut. Totalarealet har såleis blitt redusert frå 5420 dekar til 5412 dekar.

Forvaltningsstyremakt

Fastsetting av forvaltningsstyremakt for Bermålsnosi naturreservat blir avgjort i vernevedtaket eller like etterpå. Statsforvaltaren er forvaltningsstyremakt for dei fleste verneområde, men myndigheita er i nokre tilfelle delegert til kommunen eller verneområdestyre dersom området ligg i nærleiken av eit område med lokal forvaltning. Dersom Lærdal kommune ønskjer delegert forvaltningsmyndigkeit må kommunen gje tilbakemelding om dette gjennom høyringa. For tilbodet til kommunane om forvaltningsmyndigkeit gjeld følgjande føresetnader:



- Kommunen vert tilbudd å bli forvalningsstyremakt for alle verneområda som i si heilskap ligg innanfor kommunen sine grenser, utanom dei som ligg under verneområdestyre.
- Kommunar som ikkje tidlegare har hatt forvaltningsmyndigkeit må takke ja til alle aktuelle verneområde i kommunen dersom kommunen ønsker å bli forvalningsstyremakt. Kommunen må ha tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse.
- Det følgjer ikkje midlar til ei eventuell delegert myndighet.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel til Bermålsnosi naturreservat slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil vi vurdere innspela og ta endeleg stilling i vår tilråding av vern til Miljødirektoratet. **Frist for å kome med innspel er 10. juli 2024.**

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på nettstaden vår under Høyringar. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfylpost@statsforvalteren.no.

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Eline Orheim
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Framlegg til verneforskrift for Bermålsnosi naturreservat
- 2 Bermålsnosi_framlegg til vernekart



Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091	0301	OSLO
Landbruksdirektoratet	Majorstua		
Vest politidistrikt	Postboks 56	7701	STEINKJER
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 85	6901	FLORØ
Vestland fylkeskommune	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Luftfartstilsynet	Postboks 7900	5020	BERGEN
Forsvarsbygg	Postboks 243	8001	BODØ
Avinor	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
NTNU	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 7030	5020	BERGEN
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Postboks 115	1431	ÅS
Det norske skogselskap	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	SANDVIKA
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685	7485	TRONDHEIM
Natur og ungdom	Torgarden		
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783	0506	OSLO
NHO Reiseliv	Sofienberg		
Norges Bondelag	Postboks 5465	0305	OSLO
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Majorstuen		
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 9354	0135	OSLO
Norges Handikapforbund	Grønland		
	Postboks 94	1378	NESBRU
	Postboks 6315	7491	TRONDHEIM
	Torgarden		
	Postboks 9217	0134	OSLO
	Grønland		



Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Norsk Biologforening	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Norges Jeger- og Fiskerforbund avd Sogn og Fjordane	Dørndalsveien 114	7100	RISSA
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND



SYGNIR AS AVD LÆRDAL	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
SYGNIR AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
STRAUMNETT AS	Utladalsvegen 1	6884	ØVRE ÅRDAL
LÆRDAL KOMMUNE	Øyraplassen 7	6887	LÆRDAL
Anne Helene Bergmål	Postboks 11, Strendene 382	6887	Lærdal
Olav Bjørkum	Natvikvegen 62	6885	Årdalstangen
Endre Offerdal	Ofredalsvegen 1022	6885	Årdalstangen
AT SKOG SA	Postboks 116 Sentrum	3701	SKIEN